

Fylkesrådmannen

**Sakshandsamar:**

Torbjørn Hasund

E-post: torbjorn.hasund@sfj.no

Tlf.: 93004685

**Vår ref.**

Sak nr.: 17/3702-1

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

**Internt l.nr.**

13844/17

**Dykkar ref.**

**Dato**

LEIKANGER, 03.04.2017

Kommunane i Sogn og Fjordane

Organisasjonar

Bygge og eigedomstenesta, her

## Fylkeskommunalt ENØK-fond – søknad om støtte 2017

Sogn og Fjordane fylkeskommune oppretta i 2003 eit enøk-fond med ein grunnkapital på 10 millionar kroner. Fylkesutvalet er fondsstyre og forvaltninga skjer i tråd med gjeldande vedtekter. Maksimal årleg tildeling er 2 millionar kroner. Fondsmidlar vert lyst ut årleg.

Tilskotsordninga vart evaluert i 2012 og fylkesutvalet vedtok at fylkeskommunen sin vidare innsats innafor dette saksområdet skal integrerast i arbeidet med å følgje opp Klima og miljøplanen frå 2009. I Handlingsprogram for klima og miljø for perioden 2016 - 2017 er det sagt at tildeling frå ENØK-fondet skal halde fram. **Støtteordninga vert no utlyst med søknadsfrist 19.05.2017.**

Tiltak som kan støttast er enøk-analyser, enøk-investeringar i bygningar og driftsanlegg, opplæring av nøkkelpersonell, samt haldningsskapande arbeid/informasjon retta mot innbyggjarane i fylket. For søknader om støtte til investeringar i bygningar og driftsanlegg, vil det normalt bli stilt krav om gjennomført enøk-analyse av nyare dato (ikkje eldre enn 2-3 år). Med unntak for haldningsskapande arbeid/informasjon, er støtteordninga berre tilgjengeleg innafor kommunalt og fylkeskommunalt verkeområde.

Søknad om støtte til investeringar i bygningar og driftsanlegg må settast opp slik at energisparepotensialet ved dei ulike tiltaka kjem tydeleg fram. Søkjar må gje opp samla kostnader til det/dei einskilde tiltak/tiltaka. Kommunane får refundert meirverdiavgift. Når støtte vert rekna i prosent av tiltakskostnad, er berekningsgrunnlaget kostnader eksklusive meirverdiavgift. Vedtekter for fondet og rettleiande satsar for å gje støtte, går fram av vedlegg. Elles gjeld dette:

- Støttesats for skifting av vindauge og ytterdører er 5%. U-verdi skal vere betre enn 1,2.
- Varmepumpe – frå luft til vatn er ikkje nemnt under tilskotssatsane. Her vert det praktisert same satsar som for jord/fjell til vatn.
- Behovsstyring, luftbehandlingsanlegg: satsane gjeld både styring ved bruk av ur og behovsstyring.

Tidlegare saksutgreiingar og vedtak kan søkjar hente frå [www.sfj.no](http://www.sfj.no) ved menyval: Politikk -> Politiske møte og saker -> Fylkesutvalet. Aktuelle saker dei siste fem åra er: 61/12 (23.05.2012), 64/13 (26.06.2013), 73/14 (04.06.2014), 58/15 (03.06.2015) og 44/16 (01.06.2016).

Vi ber om at søkjarar som fekk tildelt støtte under 2016-tildelinga, og som ikkje har fått utbetalt aktuelle beløp, opplyser om status for gjennomføring av tiltaka. Midlar frå 2016-tildelinga som ikkje er utbetalt pr. utgangen av 2017, vert verande i fondet.

**Søknadsfristen er 19. mai 2017.** Aktuelle søknader vil bli lagt fram for fylkesutvalet i møte

20.06.2017. Søkjarane vil få melding straks etter dette, men vert elles ikkje varsla undervegs i prosessen. Kontaktperson hjå oss er Torbjørn Hasund, torbjorn.hasund@sfj.no, tlf. 930 04 685.

Med helsing

Synnøve Stalheim  
plansjef

Torbjørn Hasund  
rådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

Vedlegg:

1. Vedtekter
2. Satsar for tildeling (retteleiar)

Sjå også <http://www.enova.no> for statlege stønads-ordningar for ulike energieffektiviserings-prosjekt.

**Adresseliste**

Kommunane i Sogn og Fjordane, postmottak  
Björgvin bispedømeråd  
Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd  
Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane  
Fjordvarme AS  
Energikompetansesenteret AS